

**Bra båtbesøk, men plass til fleire**

16.07.2010

**Utover ettermiddagen har det gått rykte om at det ikkje er plass til fleire gjestebåtar i hamnane i Uskedalen. Det er ikkje tilfelle.**

Dei som krev inn avgift opplysar ved 21-tida til uskedalen.no at det er 25 gjestebåtar i båtlag-hamna og 8 i Øyro Marina. Med andre ord er det plass til fleire i begge.

- Vi kan i alle fall ta imot 7-8 til, blir det opplyst i båtlag-hamna.

Det er elles opplyst av fleire - ikkje berre av berlinaren som vi har intervjuet tidlegare i dag - at det er for mykje vind i Rosendal og at dei difor har gått til andre hamnar..